

Språkstimulering

Barnet si språkutvikling er noko av det viktigaste som skjer i eit barn sitt liv. Den språklege utviklinga startar lenge før barnet seier sine første ord. Det er samanheng mellom den språklege stimuleringa barnet får dei første leveåra, og kvaliteten på barnet sitt språk seinare. Det er viktig å skilje mellom kva barnet forstår når andre snakkar til det, og kva ord og setningar barnet brukar når det snakkar sjølv. Å meistre språket er sentralt for deltaking i det sosiale fellesskapet.

Du som forelder – ein viktig språkressurs!

Du som forelder er ein viktig ressurs i høve språkutviklinga til barnet ditt. Ved å vere aktiv og deltakande, kan du gje barnet eit best mogleg språk. Språkstimulering handlar om å «ause ord» over barnet ved å fortelje om det de ser og opplever i kvardagen. Det viktigaste er at du er til stades med barnet og lyttar. Du lyttar aktivt til barnet når du gjev deg tid til å høyre, ser på barnet og oppmuntrar det vidare i forteljinga med spørsmål som kven, kva, korleis og kvifor.

Nokre tips til god språkstimulering:

- Bruk naturlege – og kvardagslege situasjonar til å stimulere barnet sitt språk, til dømes i leik, under måltid, i påkledning og på biltur.

- Snakk om ting som har skjedd eller som skal skje – ikkje berre «her og no situasjonar».
- Snakk til barnet på same måte som du snakkar til alle andre – unngå «babyspråk».
- Forklar ord barnet ikkje forstår.
- Hjelp barnet å gje uttrykk for tankar og kjensler.
- La barnet få seie meininga si.
- Leik med språket og stemma di – bruk rim, reglar og songar med rørsler
- Syng og le saman med barnet
- Les for barnet ditt kvar dag. Start med å snakke om bilda i boka og be barnet om å fortelje kva det ser. Les eller fortel teksten så levande du kan.

Kva er normalt?

Det er store individuelle variasjonar for kor tid barn lærer å snakke. Har du spørsmål om språket til barnet ditt, kan du rådføre deg med barnehagen, helsestasjonen eller Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).

Reflekter saman

- Kva kan hindre den gode samtalen med barnet ditt i kvardagen?
- Leik er det viktigaste for barnet – korleis kan du vere barnet sin «språklege leikekamerat»?
- Korleis kan du skape tid og rom for lesing heime?

Nyttige lenkjer:

- <http://www.norsklogopedlag.no/materiell/nedlastbar-materiell>
- www.sprakloyper.no/barnehage

